

NORDRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

Kommunal landbruksforvaltning for Skodje, Stordal, Sula, Ørskog og Ålesund

Det kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 200901626	Doknr.: - 22
Mottatt: 26 AUG 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB/	Ark.: 442
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.
10/5876-V60/BEHU

Dykkar ref.

Dato:
24.08.2010

Uttale høyring til ny forskrift for behandling av søknader om odelsfrigjøring.

Nordre Sunnmøre Landbrukskontor er eit felles kontor for kommunane Skodje, Stordal, Sula, Ørskog og Ålesund. Vi vil med dette gi ein felles uttale på vegne av dei kommunane som vi representerer.


Utkast til ny forskrift for behandling av søknader om odelsfrigjøring etter odelslova §§ 30 til 32 medfører endring i kommunane sitt ansvarsområde. Søknad om odelsfrigjøring skal etter forslaget sendast til kommunen og kommunen er den instans som skal vurdere om det er grunnlag for å ta steget til odelsfrigjøring. Dette er ei stor endring i høve til dagens regelverk, der kommunen berre skal gi uttale og framskaffe objektive opplysningar om dei eigedomane som er involverte.

Det står i høyringsuttalen at det etter departementet sin oppfatning ikkje vil ha økonomiske konsekvensar for kommunane, sjølv om avgjerelsesmynde blir endra. Dette på bakgrunn av at det er få saker pr år som blir behandla. Kommunane har gjennom dei siste 10-15 åra lest same uttalelse i mange høyringsbrev. Kommunane skal ha utvida ansvarsområde, men det kostar ingenting! Dette er ikkje riktig. Ei odelsløyssingssak er stor og krev betydeleg innsats frå kommunen, også slik dagens regelverk er utforma. I høyringsforslaget meiner departementet at kommunen skal påleggast enda meir ansvar og enda meir arbeid utan at det skal koste staten noko som helst. Kommunane har pr i dag ikkje dei personalressursane som skal til for å utvide arbeids- og ansvarsområde meir utan at det følgjer med økonomisk kompensasjon.

Odelsfrigjøring er saker med stor risiko for ueinigheit mellom ulike partar. I kommunane er det politikara som i utgangspunktet har mynde til å gjere avgjerd i saker og det kan vere uheldig i høve til å sikre den objektive vurderinga av kvar ein skilde sak. Av den grunn vil det vere å anbefale at mynde til å vurdere om det er grunnlag til å ta steget til odelsfrigjøring framleis bør ligge hos fylkesmannen. Ei vurdering av om det er grunnlag for å ta steget til odelsfrigjøring er no behandla av fylkesmannen av saksbehandlar med juridisk kompetanse. Det er svær få kommunar som har juridisk kompetanse på landbruksområdet og det vil vere fare for at kvaliteten på saksbehandlinga ikkje blir god nok.

Kort oppsummert er Nordre Sunnmøre Landbrukskontor negativ til forslaget om my forskrift til behandling av søknader om odelsfrigjøring. Dette på bakgrunn av økt arbeidsbelastning og manglande økonomisk kompensasjon til kommunane, samt at det er viktig å sikre ei objektiv vurdering og nok juridisk kompetanse i dei ein skilde sakene.

Med helsing



Beate Hundnes
Landbrukssjef

Kopi til: Skodje kommune
Stordal kommune
Sula kommune
Ørskog kommune
Ålesund kommune

Postadresse: 6240 Ørskog
Telefon: 70 27 29 00
Telefax: 70 27 29 01

Besøksadresse: Besøksadresse: Rådhuset, Sjøholt
e-post: landbrukskontoret@orskog.kommune.no
internett: www.orskog.kommune.no